Felleskjøpet

Norske Felleskjøp BA

# Prognose for tilgang og etterspørsel etter norsk korn for sesongen 2009/2010

**pr. 4. mai 2010**



## Tilgangsprognose

Prognosen byggjer på registrert mottak og avrekna korn for landet til og med veke 17/10. Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgangen av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret 2009/2010:

**Tilgang korn (tonn)**

| | Gjennomsnitt 2004-08 | 2008 | Prognose 2009 | Prognose ifht siste 5 år | Prognose ifht siste år |
|---|---|---|---|---|---|
| Matkveite | 268 400 | 128 400 | **90 600** | 34 % | 71 % |
| Fôrkveite | 116 500 | 305 100 | **170 400** | 146 % | 56 % |
| Kveite i alt | 385 000 | 433 500 | **261 000** | 68 % | 60 % |
| Matrug | 24 800 | 20 000 | **10 100** | 41 % | 51 % |
| Fôrrug | 11 300 | 26 300 | **17 000** | 150 % | 65 % |
| Rug i alt | 36 100 | 46 300 | **27 100** | 75 % | 59 % |
| Bygg | 530 100 | 528 700 | **445 000** | 84 % | 84 % |
| Havre | 284 400 | 310 300 | **267 000** | 94 % | 86 % |
| Korn totalt | 1 235 800 | 1 319 400 | **1 000 100** | 81 % | 76 % |
| Erter | 5 400 | 6 590 | **6 700** | 124 % | 102 % |
| Oljefrø | 10 300 | 9 700 | **6 800** | 66 % | 70 % |
| Korn inkl proteinvekstar | 1 251 500 | 1 335 690 | **1 013 600** | 81 % | 76 % |
| Matandel kveite | 70 % | 30 % | **35 %** | | |
| Matandel rug | 69 % | 43 % | **37 %** | | |

(Kjelde historiske data: SLF)

Forventa forbruk til såkorn og leigemaling er vurdert til om lag 68 500 tonn og er ikkje inkludert i prognosen for tilgang til marknaden.

Prognosen tilseier ein auke i forventa tilgang på 53 600 tonn i forhold til prognosen pr. 18. november. Samla har andel korn som har vore innom lager hos bonde gått opp i forhold til året før, men kvantumet er mindre.

Tilgangen av kveite er nesten halvert i forhold til i fjor, jf over. Dette heng dels saman med redusert areal, men som ein ser under – i enno større grad pga svak avling pr. dekar:

| Avling - kg/daa | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | Progn. avling 2009 | Diff 09 - 08 | Diff % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kveite | 496 | 421 | 443 | 494 | **347** | -147 | -29,7 % |
| Rug | 502 | 433 | 524 | 601 | **405** | -196 | -32,6 % |
| Bygg | 369 | 359 | 352 | 434 | **355** | -79 | -18,1 % |
| Havre | 383 | 343 | 387 | 428 | **354** | -74 | -17,2 % |
| **Totalt korn** | **384** | **376** | **392** | **455** | **354** | **-101** | **-22,2 %** |
| Oljefrø | 169 | 147 | 145 | 211 | **157** | -54 | -25,6 % |

## Fordeling av tilgangen

Gjennom ekstra tildeling av importkvote i mai 2008 vart overgangslageret for matkveite utvida med minst 15 000 tonn. Denne lagerauken var føresett å vere midlertidig. Samanstilte tal for tilgang av matkorn og sal av matkorn til møllene tyder på ein auke i utgåande lager i 2007/2008 på 20 000 tonn, medan utgåande lager før og etter var uendra. Etter ynskje frå møllene vart den auka tilgangen ført vidare til sesongen 2008/09. Effekten av den ekstra kvoten i 2008 vil vere kvittert ut ved å inngå som

tilgang i inneverande sesong. Det er vidare tilgang av 95 000 tonn fôrkorn overlagra med kompensasjon frå marknadsreguleringa.

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn til ulike formål:

| | Tilgang ny avling | Eldre korn | | Sum tilgang norsk korn | Tilgang matkorn | Overskott matkorn | Korn i alt til fôr |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Matkorn | Fôrkorn | | | | |
| Hvete | 261 000 | 15 000 | 24 900 | **300 900** | 105 600 | 0 | 195 300 |
| Rug | 27 100 | 0 | 3 900 | **31 000** | 10 100 | 0 | 20 900 |
| Bygg | 445 000 | 0 | 25 600 | **470 600** | 3 100 | | 467 500 |
| Havre | 267 000 | 0 | 40 600 | **307 600** | 5 100 | | 302 500 |
| **Totalt** | **1 000 100** | **15 000** | **95 000** | **1 110 100** | **123 900** | **-** | **986 200** |

Prognosen viser at tilgangen av norsk korn ikkje er større enn normalt forbruk, dette gjeld både fôr- og matkorn.

## Kvaliteten – mykotoksin

Tabellen under viser fordelinga av dei analyseresultata som har komt, for korn samla og for havre særskilt.

| Sum kornmottak 2009-2010 | | | | | | Sum mottak havre 2009-2010 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| DON | | T2 | | HT2 | | DON | | T2 | | HT2 | |
| Resultat | Ant prøver | Resultat | Ant prøver | Resultat | Ant prøver | Resultat | Ant prøve | Resultat | Ant prøve | Resultat | Ant prøver |
| <200 | 188 | <50 | 276 | <50 | | <200 | 5 | <50 | 65 | <50 | |
| 200-500 | 86 | 50-200 | 49 | 50-200 | | 200-500 | 12 | 50-200 | 38 | 50-200 | |
| 500-1250/1750 *) | 83 | | | | | 500-1750 | 44 | | | | |
| 1250/1750-3000 *) | 48 | >200 | 10 | >200 | | 1750-3000 | 25 | >200 | 10 | >200 | |
| 3000-8000 | 94 | | | | | 3000-8000 | 82 | | | | |
| >8000 | 9 | | | | | >8000 | 9 | | | | |

*) Intervallskille 1250 gjeld for kveite, rug, bygg, oljefrø og erter. 1750 gjeld for fôrkveite, fôrrug og havre.

Det er særleg DON i havre som er høgt og som skaper utfordringar ved bruk i kraftfôr.

## Bruk av norsk havre i kraftfôr

Trass lav avling, har kvaliteten gjort at det er usikkert kor mykje norsk havre som kan nyttast i kraftfôr. Norske Felleskjøp har hatt dialog med kraftfôrindustrien og fått informasjon om og gjennomgått grunnlaget for bruk av havre. Norske Felleskjøp registrerer at det er forskjellar mellom aktørane sin bruk av havre i dei ulike fôrslaga.

Norske Felleskjøp har ikkje påverknad på eller ansvar for aktørane sitt val av strategi for samansetting av råvaretilgangen i kraftfôret. Som marknadsregulator har Norske Felleskjøp ansvar for at norsk kornavling blir brukt opp kvar sesong, så langt råd er. Dersom alle aktørar hadde hatt forbruk av norsk korn likt det best oppnådde for kvar fôrgruppe, ville vi ikkje hatt overskott.

Norske Felleskjøp samla i mars inn informasjon om produksjon av kraftfôr og bruk av havre i samanheng med iverksetting av reguleringstiltak. Bransjen sine tal tilseier ein produksjon av kraftfôr på 1 681 000 tonn og eit forbruk av havre på 236 000 tonn. Korrigert for samla produksjon av kraftfôr i prognosen, aukar forbruket, men grunnlaget er usikkert, særleg for mindre produsentar av kraftfôr.

Norske Felleskjøp meiner også at det er grunnlag for å bruke noko meir havre enn oppgitt frå industrien i mars, først og fremst til fjørfe og drøvtyggarar.

Norske Felleskjøp er innforstått med at aktørane har ulike føresetnader for bruk av ulike råvarer; mellom anna på grunn av kvaliteten på tilgangen av råvarer frå ulike område, teknologi, lagerkapasitet/sorteringsevne og ferdigvaresortiment. Norske Felleskjøp har i hovudsak lagt industrien sine vurderingar pr. mars til grunn ved vurderingane av marknadsbalansen for fôrkorn.

Ut frå ei samla vurdering er det forventa overskotet av havre sett til 55 000 tonn.

# Forbruksprognose og importbehov

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar om nødvendig supplering av importerte råvarer. Prognosen er grunnlaget for gjennomføringa av desse tiltaka og tilrådingane. For at alle aktørar skal få avsetning av sitt korn, er det viktig at importkvotane ikkje vert for høge. I år vil det særleg vere utfordringar knytt til forbruket og fordeling av havre.

## Matkorn - Utvikling i forbruk

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Statens landbruksforvaltning til og med februar 2010.

Det er ein tendens til redusert forbruk av matkorn i norsk industri med om lag 1-2 prosent pr. år. Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for inneverande sesong til og med september:

**Matkornforbruk pr kornsesong**

| Sesong | Kveite | Rug | Bygg | Havre | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| 2005/2006 | 321 200 | 30 800 | 3 400 | 17 700 | **373 100** |
| 2006/2007 | 317 700 | 29 600 | 3 200 | 20 400 | **370 900** |
| 2007/2008 | 311 700 | 28 800 | 3 000 | 20 700 | **364 200** |
| 2008/2009 | 305 200 | 29 500 | 3 000 | 21 600 | **359 300** |
| **Prognose 09/10** | **296 200** | **30 000** | **3 100** | **22 500** | **351 800** |

(Kjelde for historiske data: SLF)

## Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg. Matmjølmøllene signaliserer trong for import av mathavre for å sikre tilfredsstillande kvalitet denne sesongen. Stor andel skrumpne korn gjer mjølutbyttet mindre enn normalt og aukar suppleringsbehovet. Dette er teke omsyn til i forslaget til importkvote.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

| Importbehov matkorn | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Hvete | Rug | Bygg | Havre | Sum |
| Forbruksprognose | 296 200 | 30 000 | 3 100 | 22 500 | 351 800 |
| Norsk korn | 105 600 | 10 100 | 3 100 | 5 100 | 123 900 |
| Importbehov | 190 600 | 19 900 | 0 | 17 400 | 227 900 |

På grunn av mangel på økologisk norsk bygg og havre, vil Norske Felleskjøp tilrå at det blir opna for import av slik vare. Dette er små kvanta som ikkje er talfesta i prognosen.

## Forslag om importkvote for matkorn

Det er ikkje gitt lisensar for tollfri import frå utviklingsland. Av durumkvota frå Canada er det i 2009 importert eit mindre kvantum. Slike lisensar og særskilde kvoter er ein del av suppleringsimporten og blir trekt frå samla suppleringskvantum ved tilråding av kvotar til Statens landbruksforvaltning. Prognosen gir grunnlag for følgjande importkvote for auksjonering i mai:

| Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2010 (tonn) | |
|---|---|
| Prognosert suppleringsimport sesongen | 227 900 |
| Forventa nulltollimport utviklingsland 2009/10 | - |
| Import kanadakvote for durumkveite 2009 | 320 |
| Effekt av redusert mjølutbytte norsk korn | 3 000 |
| Korrigert suppleringsimport | 230 580 |
| Tildelt importkvote i august | 25 000 |
| Tildelt importkvote i november | 162 000 |
| Restimport i følgje prognose | 44 000 |

## Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på prognosar for produksjon av husdyrprodukt og gjeld for perioden fjerde kvartal 2009 til tredje kvartal 2010. Desse produksjonsprognosane er basert på registrert sal av kraftfôr til og med første kvartal i år og produksjons- og salsprognosar frå prognoseutvala for mjølk, kjøtt og fjørfe til og med tredje kvartal i år.

Forventa forbruk er prognosert under:

| Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn) | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Drøvtygger | Svin | Fjørfe | Annet | Sum |
| 4K04 - 3K05 | 906 197 | 442 710 | 293 157 | 33 207 | **1 675 271** |
| 4K05 - 3K06 | 914 267 | 453 734 | 305 707 | 35 065 | **1 708 773** |
| 4K06 - 3K07 | 918 204 | 454 083 | 329 647 | 38 666 | **1 740 600** |
| 4K07 - 3K08 | 954 920 | 472 727 | 367 536 | 36 988 | **1 832 171** |
| 4K08 - 3K09 | 897 961 | 469 292 | 381 294 | 33 033 | **1 781 580** |
| **4K09 - 3K10*** | **903 000** | **489 000** | **398 000** | **30 000** | **1 820 000** |
| Endring | 0,6 % | 4,2 % | 4,4 % | -9,2 % | 2,2 % |

(Kjelde historiske tal: SLF)

Norsk kraftfôrindustri må kjøpe inn råvarer i tillegg til tilgjengeleg norsk råvare. Dels for å tilføre råvarer som gir tilfredsstillande kvalitet og dels fordi norsk produksjon av fôrkorn normalt ikkje gir

tilgang av tilstrekkelege kvanta. Denne importen blir gitt redusert tollsats, slik at importkostnaden er på nivå med norsk engrospris.

I tillegg til import av karbohydratråvarer, er importen av protein- og feittråvarer ikkje regulert av kvotar. Aukande import av desse råvarene skaper mindre rom for norsk korn. Jamfør figur.




Norske Felleskjøp vurderer andelen karbohydratråvarer til 72,0 prosent.

Dette gir følgjande behov for karbohydratråvarer i sesongen:

| Importbehov karbo | | | |
|---|---|---|---|
| **Forbruk** | | | |
| Kraftfôrsal | 1 820 000 | tonn | |
| Andel karbohydratråvare | 72,0 % | | |
| Kjøp av karbohydratråvarer | | | 1 310 400 |
| +Auka forbruk pga normal fjerning av havreskal | | | 2 500 |
| - Forbruk av norsk kli | | | 67 500 |
| Karboråvarer eksklusiv kli | | | 1 245 400 |
| **Tilgang *)** | 976 300 | tonn | |
| Estimert overskott havre | 55 000 | tonn | |
| Norsk korn til kraftfôr | | | -921 300 |
| **Importbehov karbohydratråvare** | | | 324 100 |

*) Svinn 1,0 %

## Forslag om importkvote for fôrkorn

Tildelte lisensar med nulltoll for perioden august 2009 til juli 2010 er ein del av suppleringsimporten og blir trekt frå samla suppleringskvantum for kvotar med redusert tollsats.

Prognosen gir grunnlag for følgjande importkvote for auksjonering i mai:

| Prognosert suppleringsimport karbo, mai 2010 (tonn) | |
|---|---|
| Prognosert suppleringsimport sesongen | 324 100 |
| Forventa nulltollimport utviklingsland 2009/10 | 12 764 |
| Korrigert suppleringsimport | 311 336 |
| Tildelt importkvote i august | 111 000 |
| Tildelt importkvote i november | 129 000 |
| Restimport i følgje prognose | 71 000 |

# VEDLEGG: Oversikt over tilgang

**Tilgang korn (tonn)**

| | Hvete | | | Rug | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Mat** | **Fôr** | **Total** | **Mat** | **Fôr** | **Total** |
| **1998/1999** | 122 018 | 188 460 | 310 478 | 3 024 | 11 441 | 14 465 |
| **1999/2000** | 196 350 | 16 842 | 213 192 | 5 020 | 366 | 5 386 |
| **2000/2001** | 250 551 | 46 310 | 296 861 | 6 832 | 3 350 | 10 182 |
| **2001/2002** | 115 454 | 128 120 | 243 574 | 2 442 | 2 228 | 4 670 |
| **2002/2003** | 201 111 | 42 967 | 244 078 | 6 048 | 1 209 | 7 257 |
| **2003/2004** | 310 007 | 24 347 | 334 354 | 15 725 | 1 584 | 17 309 |
| **2004/2005** | 336 100 | 55 800 | 391 900 | 33 200 | 5 200 | 38 400 |
| **2005/2006** | 355 300 | 22 700 | 377 900 | 25 900 | 7 300 | 33 200 |
| **2006/2007** | 219 400 | 120 700 | 340 100 | 19 900 | 4 600 | 24 600 |
| **2007/2008** | 303 100 | 78 400 | 381 500 | 25 100 | 13 200 | 38 200 |
| **2008/2009** | 128 400 | 305 100 | 433 500 | 20 000 | 26 300 | 46 300 |
| *13. august* | *253 400* | *108 600* | *362 000* | *29 400* | *12 600* | *42 000* |
| *16. september* | *121 200* | *181 800* | *303 000* | *14 000* | *21 000* | *35 000* |
| *18. november* | *88 800* | *151 200* | *240 000* | *9 000* | *17 500* | *26 500* |
| **Prognose** | **90 600** | **170 400** | **261 000** | **10 100** | **17 000** | **27 100** |

**Tilgang korn (tonn)**

| | Bygg | Havre | Sum korn | Erter | Oljefrø |
|---|---|---|---|---|---|
| **1998/1999** | 580 016 | 365 783 | 1 270 742 | 0 | 9 784 |
| **1999/2000** | 585 008 | 330 530 | 1 134 116 | 0 | 10 304 |
| **2000/2001** | 537 095 | 374 940 | 1 219 078 | 0 | 9 008 |
| **2001/2002** | 581 716 | 310 545 | 1 140 505 | 290 | 19 113 |
| **2002/2003** | 555 501 | 261 445 | 1 068 281 | 529 | 17 822 |
| **2003/2004** | 552 344 | 316 605 | 1 220 612 | 1 054 | 11 312 |
| **2004/2005** | 599 500 | 353 200 | 1 383 000 | 2 500 | 12 200 |
| **2005/2006** | 557 300 | 264 400 | 1 232 800 | 3 400 | 11 200 |
| **2006/2007** | 508 900 | 233 800 | 1 107 400 | 5 900 | 9 500 |
| **2007/2008** | 456 100 | 260 400 | 1 136 300 | 8 700 | 9 000 |
| **2008/2009** | 528 700 | 310 300 | 1 319 400 | 6 600 | 9 700 |
| *13. august* | *496 000* | *285 000* | *1 185 000* | *8 800* | *8 000* |
| *16. september* | *488 000* | *273 000* | *1 099 000* | *8 800* | *7 000* |
| *18. november* | *435 000* | *245 000* | *946 500* | *7 000* | *6 500* |
| **Prognose** | **445 000** | **267 000** | **1 000 100** | **6 700** | **6 800** |

Kjelde for historiske data: SLF

# VEDLEGG: Arealutvikling

| Arealfordelingen 2000-2008 | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Daa** | **2000** | **2001** | **2002** | **2003** | **2004** | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | **2009** | **Endring fra 2008** |
| Haustkveite | 275 400 | 118 800 | 145 200 | 318 000 | 334 000 | 271 200 | 295 400 | 381 600 | 367 100 | 257 514 | (109 586) |
| Vårkveite | 403 900 | 512 400 | 491 700 | 437 600 | 515 000 | 531 600 | 556 800 | 526 500 | 563 500 | 560 118 | (3 382) |
| **Kveite** | **679 300** | **631 200** | **636 900** | **755 600** | **849 000** | **802 800** | **852 200** | **908 100** | **930 600** | **817 632** | **(112 968)** |
| Rug | 23 200 | 16 800 | 21 300 | 42 400 | 72 000 | 69 300 | 60 400 | 76 300 | 81 700 | 71 185 | (10 515) |
| Bygg | 1 605 500 | 1 727 400 | 1 779 000 | 1 598 500 | 1 464 000 | 1 608 500 | 1 503 800 | 1 388 700 | 1 282 800 | 1 351 881 | 69 081 |
| Havre | 943 200 | 827 400 | 786 600 | 835 500 | 852 000 | 732 300 | 731 800 | 718 000 | 768 500 | 807 373 | 38 873 |
| Rugkveite | 14 900 | 10 000 | 3 000 | 3 000 | | | 0 | 0 | 0 | - | 0 |
| **Korn** | **3 266 100** | **3 212 800** | **3 226 800** | **3 235 000** | **3 237 000** | **3 212 900** | **3 148 200** | **3 091 100** | **3 063 600** | **3 048 071** | **-15 529** |
| Erter | | | *2 000* | *6 000* | *8 000* | *15 000* | *17 700* | *28 000* | *25 000* | *25 400* | *400* |
| Oljevekstar | 57 200 | 108 600 | 110 400 | 75 100 | 69 000 | 66 900 | 65 100 | 62 000 | 48 100 | 43 453 | -4 647 |
| **Korn/oljevekstar** | **3 323 300** | **3 321 400** | **3 339 200** | **3 316 100** | **3 314 000** | **3 294 800** | **3 231 000** | **3 181 100** | **3 136 700** | **3 116 924** | **-19 776** |

Kilde:SLF søknad om produksjonstilskudd

## VEDLEGG: Avvik mellom prognosert forbruk av kraftfôr i november- og april-/maiprognoser og registrert sal

| Nov | Drøv | Svin | Fjørfe | Kraftfôr | Anna |
|---|---|---|---|---|---|
| 2002/03 | (11 300) | 7 900 | (2 900) | (5 000) | 1 300 |
| 2003/04 | (1 474) | (17 125) | (7 160) | (25 533) | 226 |
| 2004/05 | 12 803 | 16 290 | 843 | 31 729 | 1 793 |
| 2005/06 | (12 767) | (18 334) | (8 907) | (42 073) | (2 065) |
| 2006/07 | (1 704) | 8 717 | (8 747) | (5 400) | (3 666) |
| 2007/08 | 4 880 | (27) | (19 136) | (11 271) | 3 012 |
| 2008/09 | 29 239 | (2 792) | (4 794) | 28 620 | 6 967 |

| April | Drøv | Svin | Fjørfe | Kraftfôr | Anna |
|---|---|---|---|---|---|
| 2002/03 | (8 100) | 1 600 | (6 400) | (11 600) | 1 300 |
| 2003/04 | (474) | (13 125) | (6 160) | (23 533) | (3 774) |
| 2004/05 | 803 | 5 290 | 3 843 | 9 729 | (207) |
| 2005/06 | (7 267) | (5 734) | (8 707) | (23 773) | (2 065) |
| 2006/07 | 696 | 7 217 | (2 647) | 3 600 | (1 666) |
| 2007/08 | (6 320) | 13 373 | (12 436) | (2 371) | 3 012 |
| 2008/09 | 6 039 | (8 292) | (3 894) | (1 180) | 4 967 |